

# holmgang



Bondeungdomslaget i Stavanger

3/74

2. årgang

Stavanger

1974

## FORMANNEN HAR ORDET



God dag att, godtfolk. Ja, så er me i gang att då med striskjorta og havrelefsa etter ei hektisk ferietid. Ei ferietid der dei fleste hasta avstad mil etter mil på jakt etter sola. Resultatet? Jau berre sjå deg rundt. Somme kom heim att brune og forbrende, medan andre traff regntida og kom tilbake bleike og utbaska. Ja, slik er livet. Men heldigvis, alt har ein overgang. Han sa så reven og, då dei flådde han.

No kan de alle gløyme strabasane frå i sommar, og ta fatt på alle dei oppgåvene som ventar i BUL. Hugsar du eventyret om høna som fann eit korn, sådde, hausta, mol og baka? Ingen ville kjelpe til med arbeidet, men alle ville eta kaka. Det er diverre ein heil del av denne mentaliteten her i laget, og det er drepende for lagsaktiviteten. Det er mitt inderlegaste ynskje at alle tek sin del av arbeidet i laget. Då vert det ikkje berre ein liten flokk som må bere det heile, og av den grunn gå trøytt altfor fort.

For å halde laget i gang trengst det pengar. Me får ingen ting gratis i dag, og sjølv om me freistar å få alt så rimeleg som råd, og ikkje så få kroner i arbeidspengar er sparde takka vere dugnadsinnsats (av Tordenskiolds soldatar?) er det likevel nok av hol der me treng kontantar.

Ein måte me kan få fatt i pengar på, er ved loddsalet. Eg er klar over at dette er upopulært, og at mange kvir seg for å selja lodd, men me har i grunnen ikkje noko val. Dei lodda me har vøtt tildelt, kan me ikkje returnere, og det er ikkje meininga at loddkomiteen åleine skal selje alle lodda.

Lagsblad for Bondeugdslaget  
i Stavanger, Ø.Holmegt. 20.  
Nr. 2.74  
Redaksjonsnemda:  
Kjellaug Hidle  
Gudmund Syrtveit  
Aud Søyland  
Solveig Wixøe  
Astrid Øi

# Frå Landsstemna på Innerøy



Vel møtt att.

Ein måned forsinka, - ein må  
vente at det er vanskar i byrjinga.  
Fyrst etter mange påminningar er  
det nå kome inn nok stoff til å  
fylle ei avis.

Det positive fyrst.

Medlemmer av barnelaget har kome  
med innlegg. Me har sett bort  
frå målsaka i dette tilfellet.  
Dei har aldri lært å skrive ny-  
norsk. Det er også kome innlegg  
frå eldre medlem.

Diverre har ikkje særлага oppdaga  
at hovudmålsettinga til bladet er  
å vere talerøyr til medlemmene.  
Så særslag og hovudlag kom med  
inforasjon, planar, alt som er av  
interesse.

Redaksjonen skal ikkje skrive avis,  
berre redigere henne.

Neste nummer av Holmgang kjem like  
før jul. Redaksjonen må ha stoffet  
før 1.desember.

Reisen nordover gikk bra og stem-  
ningen var god. Fordelen med så  
lang reise er at vi blir bedre  
kjent med hverandre.

Da vi kom til Trondheim, møtte  
vi folk fra andre leikarringer,  
blant annet fra Kristiansand.

Ulempen med alle landsstevner  
er at en må stå i kø hvor en  
skal, men det er hyggelig å treffe  
folk fra så mange kanter av landet.

Maten var god, men det burde ikke  
vært det samme pålegget i alle  
posene. En burde heller ha maten  
pakket i plastposer så en hver  
kunne velge hva en ville ha på  
maten.

Trimløypa var veldig godt opplagt  
slik at alle kunne starte på en  
gang. Alle kunne vise sine evner  
ikke bare ved å svare på spørsmål.  
Vi kastet piler, kastet hestesko,  
sprang, kastet ball m.m.

Det var god underholdning - skue-  
spill - sang og dans så vi fikk  
se hva andre leikarringer driver  
på med.

Det var dans for alle om kveldene,  
det er noe som er populært alle  
steder.

Vi vil takke lederne våre - de var  
hjelpsomme og greie alltid.

Reisen hjemover gikk fint - vi  
syntes vi hadde fått mye med oss  
og vi tror at alle hadde hatt en  
festlig tur.

Rønnaug og Anne.

## FARLEG VIND

Vinden blæs og borar.  
Gammalt lauv dansar.  
Gamle dører knirkar.

Men gamle tankar blir  
nye og farlege  
i den unge vind.

# OPPDAL SKOGEN 1974

Som utsending frå årsmøte er eg beden om å skriva nokre ord i Holmgang.

Då eg vart spurt om å stilla som utsending for BUL-Stavanger på årsmøte, var eg svært i tvil om kva eg skulle gjera for eg følte meg ikkje moden nok til det. Men eg tenkte det kunne vera spennande med noko nytt.

Eg var så heldig at eg fekk fylgja Nils nord, og me starta på ferda ei veke før stemnet tok til. Meininga med det var å få med oss Landskappleiken i Oppdal, som skulle vera hela før.

Me kom til Oppdal fredag 21. juni i strålende solskin. Då me hadde funne campingplassen og fått opp teltet, tok me oss ein "myse runde" for å sjå etter kjentfolk.

Nils hadde tydelegvis vore på kappleik før, for han kjente anne kvart menneskje. Det hørtas trekkspel frå kvart einaste telt frå morgon til kveld, så ingen kunne vera i tvil om kor me befant oss. Me haldt det gåande omtrent til morgons, så det vart ikkje mykje svevn å få.

Det vart gjort opptak av både norsk og finsk fjernsyn og Jonsok var det direkte sending i fjernsynet.



## HJELP!

Vi er berre 5. Me skal vera styre, gruppeleiarar og leikleiarar for mange, mange born. Kven me er? Styret i Barnelaget - Liv, Mette, Eli, Anne Merete og Berny.

Kva likar du å gjera? Me treng leiarar til teatergruppa, dokketeateret, visegruppa og til sjølve leiken og dansen.

Måndagen for me vidare til Trondheim og tok inn i BUL hytta kor også fleire andre tilreisande hadde funne vegen. Så, då kvelden kom vart det også dans der.

Me dro ikkje til Skogn før onsdagen då stemnet skulle ta til. Det var berre komne nokre få telt, så det var inga vansker med å finna plass. Me frå BUL-Stavanger samla oss på ein plass, og me vart ganske mange då det lei på.

Det var dans tri stader samstundes, så det var berre å velja og vraka. Hilmar Aleksandersen og P.A. Røstad's kvartett var blant dei som spela så musikken var av beste kvalitet.

Det meste av dagen gjekk med til å sitja på årsmøte. Den første dagen vart me delt inn i grupper av forskjellige slag, etter kva interesse me hadde. Eg var med i amatørteatergruppa, og der var det mange gode råd å få. Dei andre dagane var me alle samla på Skogn Folkehøgskule.

Utpå ettermiddagen hadde fleire amatørteatergrupper framsyning, og ellers var det ein del utstillingar ein kunne sjå.

Om nettene var det dans på telt-plassen kor der var ca. 300 telt.

## Framhald s. 9



Det er ei glede å arbeida med borna. Dei er både positive, oppfinnsomme og snille. Me er slett ikkje leie av å arbeida med dei. Det er berre det at det er litt vanskeleg å vera to stader på ein gong. Gruppene må ikkje vera for store.

Me har bruk for deg!!!!

Ring:


Liv Gunvor Morterud tlf.jobb,  
8.15-15.30, 29763, 29764, heime  
28628.

Mette Larsen tlf.jobb, 8.15-15.30  
26565, heime 26891.

Berny Nilberg tlf.jobb, 8.15-15.30  
heime 29261.

Eller snakk med oss når de ser oss i BUL.

Berny.



# SMÅPLUKK OM LEIKARBEIDET

Så er me i gang med dansearbeidet i BUL att. Me låner gjerne eit slagord av BUL-Kongsberg: Trim deg glad - gå på folkedans. Men me vil gjerne leggje noko til. Trim, glede, og i miljø.

Folkedanskvelden kvar søndag er blitt svært populær. No vågar me helst ikkje å annonsere - Kjem det stort fleir no, blir det ikkje plass til å danse. Og det var liksom ikkje meininga. Så lite me ynskjer det, må me sjå i augo at me kan kome til å måtte anten stengje døra i 9 - tida, eller bare sleppe inn medlemmer.

Dette viser at det er tydeleg mange som ynskjer og treng eit alternativ til vanleg danse- og restaurantmiljø. Variasjon i dansen, fullt lys i salen og alkoholfritt miljø er velgjerande avveksling.

Laurdagskveldar. Styret i leikarringen la planar om å arrangere nokre laurdagskveldar i same stil, for å dekkje eit tydeleg aukande behov. Men så hadde hovudlagsstyret fått same idéen så den saka er alt i dei beste hender.

Begynnerkurs. Etter røynslene i vår arrangerer me no to begynnerkurs parallelt: måndag 19 - 20.30 og torsdag 20 - 22. I skrivande stund ser bae ut til å bli fullteikna - om enn med eit visst underskot på gitar.

"B - gjengen". Ei nyskaping, eit eksperiment, har me førebels kalla "B-gjengen". Litt om bakgrunnen: I januar starta Eli og Harry opp begynnerkurs som vanleg, med framhaldskurs - som vanleg. Til påske skulle dette avsluttast - som vanleg. Men det gjekk dei ikkje med på, og styret blei "tvinga" til å "hekte på" fire måndagskveldar til. Denne flokken dannar grunnstammen i "B-gjengen". Frå mange hald var det også kome spørsmål om det ikkje gjekk an å få til ei gruppe som ikkje dansar fullt så vanskeleg som Leikarringen.

I tillegg til dette har eg gjort meg nokre tankar om korleis dansen kan og bør fungere i eit miljø. Me veit at kurs-formen fungerer - også sosialt - med ein leiar som har heile initiativet. Likeeins veit me at fri gamaldans fungerer heilt framifrå (sundagskvelden). Men skulle det ikkje la seg gjere å få til noko midt i mellom? Det måtte då bli ei gruppe med noko instruksjon, noko friare dans, og ein heil del appell til den einskildes initiativ.

Dette er min tanke med "B-gjengen" - ein tanke som nettopp slett ikkje er min: det er summen av idéar, forslag og impulsar eg har fått frå mange danseglade. Det blir spennande å sjå kva som kjem ut av eksperimentet.

framhald s. 5

# BARNELAGET

# I BUL

Eg vil nytta høvet til å fortelja litt om Barnelaget i BUL, og kva me driv med. Me har øvingar kvar tysdag, og omlag 100 born tek del i dei ymse aktivitetane me har. Eg kan til dømes nemna dansen som me har delt i 3 grupper, ei for dei mellom 7 og 10 år, ei frå 10 til 13 år, og ei tenåringsgruppe som kallast Ungdomsringsen. Dessutan har me visegruppe, teater med sketsjar, mime, drama. I haust har me tenkt å satsa meir på tenåringsgruppa, og vonar at invitasjonar til skular o.l. vil føra leire gutar inn i laget. Det finst mange idear som me vonar kan setjast i verk snarast.

Berre denne vesle orienteringa, for det synest som om lagsmedlemmane i BUL ikkje veit noko om det som skjer i Barnelaget, i alle fall er interessa for dette særlaget svært lita.

## Framhald frå s. 4

Leikarringen med sine tysdagsøvingar har tydeleg stor plass i hjarta hos mange. Det syner ikkje minst dei mange kjensleladde og motstridande forslag og krav me møter. Det er ei stendig utfordring å finne farande veg mellom ytterstandpunkta.

Eigentleg er dette gledeleg: ser ein lenger enn til det til kvar tid aktuelle stridsspørsmålet, så viser desse usemjene bare at det er mange som er levande opptekne av ringen, av dansen, samarbeidet og samværet der.


Av helgekurs har me i fyrste omgang satsa på å få til eit kurs i Vestlands-springar i haust. Elles er me alltid opne for forslag og ønske frå alle danseglade.

Nils.

Til eit eksempel kan eg nemna programkveldane som vart skipa like før sumarferien. Borna sytte sjølv for underhaldninga, og innkome av desse kveldane skulle vera reiseutjamning til landsstemmet på Inderøya. Eit særleg godt innslag var oppføringa av "Snehvit og de syv dverger" som Mette Larsen gjorde eit framifrå arbeid med. Det vart synt fleire gonger, og vaksne og born kom for å ta del i underhaldninga, men kor vart det av lagsmedlemmene? Fyrste kvelden kom der eit medlem, andre kvelden 7, og etter instendige oppmodingar telde me 13 som er det meste me nokon gong har sett på ein av våre skipnader.

Burde ikkje lagsfolket støtta meir opp om Barnelaget? Eg berre spør. Det er tross alt den komande generasjon som ein gong skal føra det BUL står for vidare. Hvis du ynskjer å sjå meir av det me driv med, vel, KOM og SJÅ neste gong me skipar til noko. Du er tross denne kritikken hjarteleg velkomen!

Liv Gunvor





NU kurs ja! kva er det for noko? jo, det er eit framifra tiltak der ein får læra Noregs Ungdomslag å kjenna på sitt beste. Der er samla ungdom som skal verta grunnstøttene i NU i framtida. Der utdannar ein leiklærarar, barnelagsleiarar, lagsleiarar, teaterleiarar og spelemenn.

For den einskilte deltakar er det eit minne for livet. Den fine kontakten mellom deltakarane (ca. 100 fra heile landet) ved måltidene og på kveldssetene er ting ein sjeldan gløymer.

I år var NU-kursa lagde til Akademiet i Rauland, som var ein sær fin og høveleg stad for slike kurs.

Underteiknande deltok på spelemannskurset kor Gunnar Stubseid frå Setesdal (hardingfele) og Rolv Brimi frå Garmo (vanleg fele) var lærarar.

Obligatorisk for alle kursa var ei innføring i gruppearbeid med emnet kontakt eller mangel på kontakt. På spelemannskurset var me 9 deltakarar, 5 på hardingfele og 4 på vanleg fele. Undervisninga gjekk ut på innføring i folkemusikk- og folkedanssøge.

Me fekk timar i samspel, individuelle timar med lærar og øving i spel til rettleiing.

Å gå på NU-kurs er ikkje noko latmannsliv. Dagane var stramt opplagde og me på spelemannskurset fekk opptil 4-5 nye slåttar å øve på til dagen. Det var ikkje anna å gjera enn å øva seint og tidleg og "slenge seg på" i samspel. Gunnar og Rolv har vore lærarar på spelemannskursa i fleire år og er musikk-læruddanna. Deira opplegg var uklanderleg og utbyttet var stort.

Frå det sosiale samveret med dei andre kursa var det kveldssetene som var hovudtingen forutan dansen om kveldane og nettene -----.

Frå NU styret møtte Harald Kallan og vår eigen Ottar som kontaktmenn.

Det mest minneverdige er nok då Go-Go Bakke hadde mime med alle kursa og da eg fekk i oppgåve å vekke alle jentene ein morgon.

Peder

## NOKO GILDT

Når ein opplever noko gildt, har ein lyst til å dela det med andre. Ikkje sant? Eg opplevde noko gildt mandag 16. september i år.

Leikarringen vart bedne om å ha ei framsyning for dei kvinnene som var med på NORAD sitt seminar her i Noreg. Ei lita stund før klokka 20.00 var 8 par samla på hotell Alstor. Eit kvarter seinare dansa me inn i salen på "Ola Glomstulen". Me vart møtte med applaus frå kvinner i alle størrelser og fargar. Under sjølve programmet klappa dei begeistra kvar gong det var noko dei lika spesielt godt.

Etter at me var ferdige med programmet, vart me bedne om å ta "Per Spelemann". Denne folkevisa hadde kvinnene lært medan dei var i Oslo. Kvar av oss baud opp ei av gjestene. Det vart så mange at me måtte ha 2 ringar. Etter Per Spelemann ville dei ha meir, og me måtte ta fleire sangdansar.

## Framhald frå s. 6

Dei ville ikkje gå frå golvet. Dei sang den songen for oss som dei hadde laga sjølv. Eg hugsar ikkje tittelen, men den tyder: "Me skal gjera det saman".

Ei lita, slank, brun kvinne som likna ei lita dokke, dansa ein eksotisk dans utan musikk til, men den var like vakker for det. Nokre afrikanske kvinner sang og dansa for oss. Og dei fekk oss alle med på rytmene sine.

Framleis ville dei ikkje gje seg. "We want to dance with those sprellemenn", sa dei. Og dei kvinte av fryd då dei vart lyfta opp mot taket av sterke gutearmar. Dei prata med oss, lo og var så glade. Dei takka oss på ulike måtar, alt etter kvar dei kom frå. Eg fekk kyss både på kinn og hand.

Å så vakre som dei var! Indiske kvinner i sari, afrikanske kvinner i fine bomullskjolar og med skjerf på hovudet, ja dei var litt av eit syn. Desse kvinnene arbeidar for å betre dei sosiale tilhøva for kvinnene i landet sitt.

Me kom dit for å gleda dei, og for å syna dei litt av det beste i norsk kultur. Men det vart dei som gleda oss. Eg kom heim den kvelden rikare enn då eg gjekk heimanfrå.

Berny.



# Vel møtt

att til nye dyster. Sommaren har vel vore ei fin avkopling for dei fleste. Nokre frå Bondeungdomslaget var i Skogn og fekk oppleve truleg nokre hyggelege dagar på årsmøte og stemne. Til dei som var der og ikkje var der, får eg minna om fjernsynsprogrammet som kjem til å verta sendt i byrjinga av oktober frå stemna i Skogn.

Eg såg programmet i Oslo nyleg og det er slett ikkje dårleg. Vel 50 minutt i fargar vert det. Det er gløtt frå ymse av tilskipingane. Mest leik og dans, men og andre av programpostane var med. Dei hadde teke seg god tid til nattfilming på teltplassen. Så vel møtt framfor skjermen.

Når det gjeld det som hende på årsmøtet kjem nok utsendingane frå BUL med utgreiing om det.

Styret i NU har hatt det første styremøtet sitt. Det som nå kjem til å ta alle helgane til tillitsmennene sentralt i september er samrådsmøte med fylkeslaga. Desse er både harde og krevjande for alle partar, men dei gjev mykje, og då så.

Sommarkursa i Rauland vart i år avvikla dei to første vekene i august. Eg var oppe ei veke og konstaterte at dei to frå BUL fall godt inn i miljøet og gjorde ein god jobb.


Grunnen til at Noregs Ungdomslag la kursa sine til Rauland i sommar er at NU er ein av organisasjonane som står bak Akademiet. Vi er representert gjennom styre og råd og skal vera med å gje det fagleg innhald i vår lei så langt det er tenleg for begge partar.

Det har vore ein del avisskriving om Akademiet det siste halve året. Nå er snart eit nytt skuleår igang og då må ein konsentrera seg om det positive innhaldet. Vonar nokre frå Rogaland og har funne vegen dit til vinterkurset.

Så ynskjer eg alle lukke til med arbeidet i Bondeungdomslaget. Det er eit arbeid som gjev mykje.

Ottar Vandvik

GA  
HELLER  
PÅ  
LAGS-  
MØTE



## Framhald frå s. 1

Hovudoppgåva til dei som er med i denne komiteen er å fordele lodda mellom alle medlemene, slik at alle tek sin tårn i salet. Då vert det ikkje så mange lodd på kvar å selja. Såpass ansvar- og solidaritetskjensle bør de alle ha overfor laget og dei andre medlemene. Dette til ettertanke.

I siste nummer av "Holmgang" var det eit innlegg med overskrifta "Quo Vadis - BUL?". Innsendaren etterlyste her standpunkt frå laget i aktuelle saker, slik at me vart ein medlemsflokk med meiningar, og ikkje berre tja-folk. Eg er samd med vedkomande, men korleis få i gang ein diskusjon på eit lagsmøte når meste ingen kjem på eit lagsmøte der aktuelle saker skal diskuteras?

Det einaste som ser ut til å fenge er dans, dans og atter dans. Ja ein sa faktisk i eit innlegg at sidan det berre var 7 dagar i veka å gå ut på (dans) så nytta det ikkje med lagsmøte den 8. dagen med minimalt av folkedans. Eg fekk meste inntrykk av at skulle vedkomande kome på lagsmøte, så måtte lagsmøtet omskapast til nok ein folkedanskveld. Difor:

### Leikarringen - ein kreftbyll?

Ja, eg spør eg, og det er vel mange som vert galne på meg for dette spørsmålet, men det får stå si prøve. Det er vel og bra at interessa for folkedans er i framgang. Men me må passe oss for at det arbeidet me driv innanfor leikarringen og kursverksemda i folkedansen endrar seg frå å vere ein inspirasjon for laget til ein drepende kreftbyll som tappar laget for krefter me burde bruke på anna arbeid. Ungdomslagsarbeid er faktisk noko meir enn berre folkedans, så det er noko som er skeivt når Bondeungdomslaget mellom mange utanforståande vert rekna som ein folkedansklubb.

*Hugs loppemarknad laurdag*

*26/10.*

*Levering av gjenstandar*

*21.-22/10 om kveldane.*

Dette er ikkje meint som kritikk til tillitsmennene i leikarringen, men som eit varsko. Eg er fullt klar over verdet i folkedansarbeidet, men det må ikkje køyrast så hardt fram på dette at det vert berre folkekansen BUL sit att med.

Ein for hard vekst her vil nemmeleg gå utover dei andre aktivitetane i laget. Dette er ikkje berre p.g.a. plassproblem, men vel så mykje at det er ei grense for kva kvar enkelt maktar å engasjere seg i.

Sjølv om interessa for folkedans er stor i dag, kan me ikkje ein-sidig køyre fram dette arbeidet. Med den medlemsflokk me har i dag ser eg det som ein stor fåre å utvide dette arbeidet for mykje med for mange kurs og sær-ringar. Resultatet kan verte at me kjem til å feire 75 års jubileet neste år, ikkje som eit ungdomslag, men som ein folkedansklubb, og det er vel ikkje meininga?

Vel, eg reknar med at mange er uenige med meg i dette, men vonar og at nokre er einige. I alle fall kjem eg tilbake frå sjømålinga rundt 1. oktober, så då kan me ta ein diskusjon på eit lagsmøte over dette emnet, og då vonar eg at det vert mange som seier si meining.

Audun





Så det var aktivitet døgnet rundt.

Laurdagen gjekk me i bunadtog gjennom Levanger, og det var litt av eit syn med alle dei nydelege bunadane. Om kvelden var det fest i Levangerhallen, med variert underhaldning av lokale krefter.

Søndagen gjekk me i stemne-tog til Stiklestad, kor eit større program skulle avviklast. Men det gjekk ikkje heilt etter programmet. For mens Tone Ringen opptrådte, begynte det å regna "kattungar". Ho song så lenge ho fekk lyd i gitaren, men så måtte resten av programmet avlysast.

Då nesten alle hadde forlatt stedet, skein ho Nelly frå klar himmel, og det gjorde ho resten av dagen.

Eg fekk også anledning til å vitja Olav Grevskott som har flytta frå oss til Steinkjer. Han ba meg helsa alle kjente.

Ja, nå vonar eg at de har fått eit bilete av korleis me hadde det. Utanom så kjem det også eit fjernsynsprogram i haust frå Skogn.

Som de sikkert har forstande så var det ein opplevelsesrik tur, som eg aldri ville unnvære. Eg har allereide bestemt meg for å reise neste år, og då vonar eg at me er ennå fdlære frå Stavanger, sidan det då ikkje vert lenger vekk enn Kristiansand.

Inger.



Eg har hatt store vanskar med å koma i gang med dette innlegget avdi eg ikkje visste korleis eg skulle ta til. Eg er vand med å ta til med "kjære Bondegut" når eg skriv til laget. Men Holmgang tyder jo eigentleg tvekamp på ein holme, så då kan ein jo ikkje nytta seg av dei vanlege tiltaleformane. Kvar er forresten Bondeguten vorten av, denne evig unge venen som ein kunne venda seg til når verda og laget gjekk ein imot?

Det fyrste møtet i haust gjekk med liv og lyst. Det var berre litt kaldt i salen. Men det kunne vel verta ei råd med det. Ideen fekk eg på ei utanlandsferd me hadde i sommar. Me vitja mellom anna Europas største underjordiske innsjø. Der var det fælände kaldt, og for ein shilling fekk me leiga kvar sitt ullteppe som me kunne sveipa kring oss. Hatteland har sikkert nokre brureteppe på lager som me kunne få billeg. Eg er viss om at det ville verta retteleg koseleg å sitja slik, kan hende to og to under kvart teppe. Så har eg høyrte at det regnar og dryp inn her og der i huset vårt. For at me ikkje skulle verta våte, kunne me låna ut alle dei paraplyane som er attgløynde her nede. Det kunne jamvel verta ei lita inntektskjelde.

Så var det neste møte i laget. "Kva er BUL?" stod det i avisa. Eg trudde eg visste det, men det dukkar nå stendig opp noko nytt her og der, så eg gjekk av stad med opne sansar. Dessutan plar det vera referat frå sommarens årsmøte. Det fekk me ikkje, men det skal koma i "Holmgang" høyrer eg. Men det er ikkje det same som å vera til stades og kunne diskutera og koma med spørsmål.

Så ville eg gjerne veta kva B-gjengen var. Eg trudde det var nokre fæle karar i Donald-bladet. Men det var det ikkje. Det var etter det eg kunne skjønna leikelystne ungdomar som hadde fått sin møtekveld på mandagane i leikarringens regi utan at medlemene

## framhald frå s. 9

i laget har fått høve til å seia si meining om eit sovore tiltak. Det er i all høve ikkje eigna til å trekkja folk til laget på onsdagskveldane, tvert om. Ein skal vera varsam med å falla laget i ryggen på det viset. Kvifor ikkje leggja denne dansekvelden til annankvar onsdag. I gamal tid var det nå mest alltid dans på lagsmøtene. Eg vonar det ikkje vert lenge før me kan helsa B-gjengen vel møtt på onsdagskveldane.

Eit siste spørsmål: Kva tid skal medlemene få vera med og ta avgjerd når det gjeld lagsmøtene, slik som loven seier at me skal gjera?

Så vil eg ynskja laget lukke til med arbeidet vidare og bed dei om ikkje å gløyma songen og nynorsken og føremålsparagrafen. Og dei må heller ikkje gløyma fortida si. Ver varsame med å bryta alle band. Kan hende har me eit og anna å læra av dei som gjekk føre oss i striden.

Beste Helsing

Marie

P.S. Me har vore på årsfest. Det var ein framifrå fest, fint pynta sal, god talar, god mat og ikkje minst fullsett sal av fine ungdomar som visste å halda fest og moroa seg på fin og høvisk vis. Så takk til testkomiteen for ein gild kveld.

ds.



## Øntrykk frå landsmøtet i Noregs Mållag

Sidan eg ikkje hadde vore på eit slikt møte før, såg eg det heile frå eit interessert, men noko utanforståande synspunkt.

Før Evje-landsmøtet hadde Norsk Målungdom hatt målleir 4-5 dagar, og desse ungdomane sette sterkt preg på møtet, med sine mange friske og skarpskodde debattantar.

Saklista verka noko tannlaus - utanom dei vanlege årsmøtesakene var det berre eit foredrag om olje-Noreg. Men det viste seg snart at det fanst sprengstoff der ein minst venta det: i årsmeldinga. Punktet om Akademiet på Rauland fekk endringsforslag som innebar skarp kritikk av Helge Ytrehus. Etter eit kvast ordskifte blei styret si formulering vedteken, men det var heldig for herr Ytrehus at røystene ikkje blei talde opp - mindretalet var slett ikkje få.

Olje-foredraget blei eit vonbrot - lite perspektiv og endå mindre snert drukna i ord. Forventningsfulle andlet skifte uttrykk, og alle klappa til slutt.

Møtet blei delt opp i grupper for å drøfte arbeidsprogrammet som så blei vedteke med små endringar. 1974-75 skal bli organisasjonsår. Fyrst og fremst skal NM styrkjast, ved medlemsverving i stor stil. Etappevis skal medlemsauken vere 25 og 50% - eit mål som verkar lite realistisk.

Framlegget frå valnemnda gjekk greitt igjennom. Johan Krogseter blei attvald til formann, og utskiftinga i styret var moderat. Resolusjonane handla om dialekt-vern, nynorske barnebøker og arbeidsformene i folkehøgskulen (tungt fordøyeleg for hr. Ytrehus).

Hovudstemna søndag var identisk med den årvisse Setesdalsstemna i Grendi, med Bygland Mållag som arrangør.

Nils

# LAGSBRUKET

Som ein kunne lese i forrige nummer av bladet er leikarringen på leit- ing etter nye lokal for å stille sine romkrav.

Frå før veit me at barnelaget treng meir plass.

BUL eig Øvre Holmegt. 18 og 20. Me er godseigarar i byen.

I dag brukar me sjølv berre ein brøkdel av eigendomen. Desse roma + kjøkkenet er lite skikka for dei verksemdene me har.

Store delar av eigendomen er berre lagerskur som gjev lite eller inga innkome.

Ein kan vel seie at me eig ein verdfull eigendom som gjev liten innkome samanlikna med det han er verd.

For å undersøke kva planar kommunen har med dette området av sentrum fekk eg eit møte på byplankontoret.

For omlag eit år sidan vedtok bygningsrådet vedtekter for Stavanger sentrum. Desse legg sterke restriksjonar på kva ein kan tillate seg dersom ein vil reparere eller bygge nytt.

I paragraf 1, 2 og 3 heiter det:

"§1 Formålet med disse reguleringsbestemmelser skal være å sikre det bestående sentrums særegne og verifulle miljø.

§2 Bygningsrådet vil forlange at bygninger som har arkitektoniske, kulturhistoriske eller miljømessige kvaliteter og som pga. alderdom, brann eller annen katastrofe må fjernes, ved gjenoppføring skal gis sitt opprinnelige utvendige utseende med samme materiale.

§3 Bygningsrådet vil forlange at de i §2 nevnte bygninger ved fornyelse reparasjon, herunder utskifting av vinduer og ominnredning skal tilbakeføres til sitt opprinnelige utseende."

Som ein forstår er det heilt ned i detaljar ein har restriksjonar. Nå er det ikkje sikkert at våre bygningar vert sett på så strengt.

Kommunen vil legge til rette for at denne del av sentrum vert meir attraktiv. T.d. med å legge bussringen om hamna.

Den framtidige hamneringen (ei av hovudgatene) vil ligge nedanfor (nærmare sjøen) Nedre Holmegate.

Eigedomane Nedre Holmegate 12-22 vil verte ombygde. Kommunen freistar og å få verksemdar til å etablere seg i denne delen av sentrum.


I det heile kan ein seie at kommunen ynsjer å få verksemdar som er ein kombinasjon av butikkar og ungdomsaktivitetar fordi dette skapar aktivitet både om dagen og kvelden.

Ein kan truleg vente stor velvilje frå kommunen dersom ein går inn for ei nybygging i gamal stil på eigedomane våre.

MEN DET KOSTAR MYKJE PENGAR.

Har me derimot råd til å la ver å bygge om? Dei pengane me får inn i leige er småpengar. Eigendomen er meir verd enn som så. Det er ikkje skikkelig renteinntekter av den store eigendomen.

Gudmund



Steinkjer, 13. aug. 1974

EI LITA HELSING INANT I FRÅ.  
(som det heiter lokalt)

Skulle nokon av dykk koma på mine kanter av landet skal alle dører stå opne hos meg.

Vonar "Holmgang" kjem så lenge medlemskapet varar.

Med beste helsing

Olav Grevskott

Adresse:  
Brynjeveien 21, 7700 Steinkjer  
Telefon: 077-62078

# NU = Lotteriet

Nei, dette går skralt. Berre vel halvparten av dei 6.000 lodda BUL påtok seg å selja, er til no ute - anten selde eller ute på sal.

Me prøvde å få ut ein del lodd på denne måten: til medlemmer me ikkje ofte ser, sende me eit brev med 10 lodd (dvs. 20kr.) og innbetalingsblankett. Brevet hadde denne teksten:

Gode medlem,  
Noregs Ungdomslag og BUL-Stavanger har to ting til felles: både driv eit godt, verdifullt ungdomsarbeid - og både har svært dårleg økonomi. Difor loddsal - diverre. Dersom du alt har kjøpt dei lodda du har tenkt å kjøpa, bed me deg orsaka, og senda lodda attende.

Helsing

Lotterinemnda.

Dette var ein fiasko. Er 20 kr. slik ein kjempesum i olje-Stavanger? Me vil her og no nytta høvet til å gje vår honnør til dei få som viste seg solidariske og kjøpte lodda. Takk for hjelpa!

Kjære deg, einskilde BUL-medlem!  
Har du eit godt forslag om korleis me skal få selt resten?  
Kan du selja 5, 10 eller 25 lodd til? Alt hjelper.

BUL får 30% av pengane og desse pengane treng me sårt, m.a. til å halda ved like dette huset der me har så mykje moro. Me kan ikkje senda attende uselde lodd - dei vil eventuelt tappa oss for kapital.

For Lotterinemnda:

Leif Erik Rasmussen

